

Juleavslutning for Austebygd skule og barnehage - 2014

Foreldrerådet og personalet ved skulen og barnehagen inviterer med dette barnehageborn, elevar, føresette og besteforeldre til juleavslutning på «Samfunnshuset Skogen»:

torsdag den 18. desember klokka 18.00


Program: Songprogram med elevane og barnehageborna, gange om juletreet, og matøkt med kaffi, brus og kaker.

Programmet startar presis klokka 18.00 - difor må alle elevane møta seinast kl. 17.40. Også barnehageborna må koma så tidleg, for å vera klare til me startar kl.18.00.

Inngangsbillett : 50 kr pr. person

25 kr for småsøsken til elevar/barnehageborn

Elevar, barnehageborn, dei inviterte 5-åringane og personalet på skulen og i barnehagen betaler ikkje inngangsbillett.



*Velkommen til
barnehagen og skulen sin julefest!*

Venleg helsing

Linn Stevnebø
leiar FAU barnehagen

Geir Olav Repål
leiar FAU skulen

Torunn Tolleshaug Hovden
rektor/styrar

Påmeldingsslipp:

For å få oversikt over kor mange bord/stolar me skal laga til, ber me om at alle fyller ut svarslippen under, og leverer den tilbake til skulen/barnehagen seinast **måndag 15 .desember**

Frå vår familie kjem det **totalt** _____ **personar på julefesten**
(barnehageborn, elevar, søsken, foreldre, besteforeldre)

Dato/underskrift: _____

MAT:

Kvar familie med born i barnehagen + kvar familie med born på 1., 2. og 3. årstrinn (også dei familieane i barnehagen og på 1., 2. og 3. årstrinn som har born på høgare trinn) har med seg ***oppdelt*** platekake på eit stort kakefat.

OBS! Kun *eitt* fat med kaker pr. familie – og pass på å ha namn under fatet ditt!

FAU har peika ut **ein** føresett til kvar elev på 4., 5., 6. og 7. årstrinn til oppgåvene under:

1) Møter kl.16.30 og traktar kaffi.

Organiserer også utdelinga/hentinga av kaffi/mat når me skal eta.

Hovudansvarleg: *Janne Grete Øvrebøe Heier* (FAU)

+ **føresett til:** *Jon, Astrid og Olav Flatråker + Robin Andre Fol*

2) Møter kl.17.00 og er med og traktar kaffi, set lys, serviettar, beger m.m. på borda og tar i mot kakefata når dei vert levert.

Organiserer også utdelinga/ hentinga av kaffi/mat når me skal eta.

Hovudansvarleg: *Agnethe Soltveit* (FAU)

+ **føresett til:** *Marlene Mellingen + Frøya Gabrielli*

NB! Elevane på 6. og 7. årstrinn ber inn kaffi/mat til bord bak i salen!

3) Sal av inngangsbilletter (frå nakkebøker) + setja opp bord for dette (alt klart seinast kl. 17.20)

Hovudansvarleg: *Mette Rosenlund* (FAU)

+ **føresett til:** *Julia Jurewicz*

4) Tar seg av utdelinga av brus når me skal eta.

Hovudansvarlege: *Marit Ystebø* (FAU) + *Elisabeth B. Pedersen* (vara FAU)

5) Tar seg av opprydding, reingjering og låsing etter festen.

Hovudansvarleg: *Lasse Ståløy* (FAU)

Føresett til: *Preben Kallestad, Heidi, Sindre og Kjartan R. Kolås, Dominika Bauer, Eskil T. Lavik, William Aasgard, Natalia Kamande, Sander Valdersnes, Maren Blomvågnes, Sunniva Brekkan, Sander Lunde, Mathilde S. Mongstad, Joar Straume, Mihaela G. Nitu, Christoffer Helgø Leknes, Alf Marius H. Mjøs og Henriette K. Nederud*

6) Andre oppgåver:

Raymond Risnes spelar på festen.

Torfinn Heier ordnar med mikrofonar og lyd.

Hildegunn Sivertsen ordnar med nisseposar til julegrauten + innkjøpa til juleavslutninga

Geir Olav Repål (FAU) har ansvar for avslutningshelsing på festen.

Ber om at eventuelle byting av oppgåver, vert ordna innbyrdes.